

Årsmelding 2015

Vest-Telemark PPT IKS

PPT for Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke, Vinje og for Telemark Fylkeskommune

Vest-Telemark PPT IKS Pedagogisk-psykologisk tenestekontor

Besøksadresse: Mylletorget, Garveriv. 14, Kviteseid **Postadresse:** Postboks 43, 3836 Kviteseid

Telefon: 35 06 83 00 **Telefaks:** 35 06 83 01 **Epost:** ppt@vest-telemark.no **Internett:** www.vesttelemarkppt.no
Org.nr. 987 570 806

1. Innleiing

I årsmeldinga for 2015 blir det gjort greie for drifta av PPT sett i forhold til mål og tiltak som er nedfelt i Verksemdsplan for 2015. Forhold omkring Individretta arbeid vil i tillegg bli belyst gjennom statistisk materiale som viser omfang av tilmeldingar, saker vi jobbar med og nokre fakta kring desse. Under Internt arbeid vil det bli vist korleis vi systematisk arbeider for å betre kompetanse og tenesteyting. Årsrekneskapen 2015 vil bli kommentert når det gjeld avvik og prioriterte oppgåver.

2. Aktuell situasjon.

2.1. Generelt

PP-tenesta i Vest-Telemark er ei interkommunal teneste for kommunane Tokke, Vinje, Fyresdal, Nissedal, Kviteseid, Seljord i tillegg til Telemark fylkeskommune

Distriktet har etter endringar i 2015 nå 18 barnehagar, 16 barne- og ungdomsskolar. 3 av barnehagane og 2 av skolane med underavdelingar avdelingar andre stadar i kommunen. Det er 2 vidaregåande skolar i distriktet, der ein skole er fylkeskommunal og ein er private.

PPT har sine kontor i Kviteseid. Lokala blir leigd av Vest-Telemark Næringsbygg A/S. Kviteseid kommune fører rekneskap for oss og gir oss råd med omsyn til budsjettarbeid. Nissedal kommunes lønnsavdeling utbetaler lønn.

2.2 Stillingar

PP-tenesta i Vest-Telemark har til saman 7 fagstillingar, medrekna leiarstillinga. Kontoret har sekretær i 100 % stilling.

2.3 Tilsette

Namn	Stillingsstorleik	Funksjon
Torunn Kittilsen	100 %	Dagleg leiar
Åse Brit Pedersen	100%	Sekretær
Elin Aakre Bringa	100 %	PP-rådgivar
Gørild Kanstad Botner	40 %	PP-rådgiver/pykolog
Sissel Kjeldal	100 %	PP-rådgivar
Britt Ellen Omtveit	100 %	PP-rådgivar
Sveinung Heiberg Strand	60 %	PP-rådgivar
Einar Søreide	100 %	PP-rådgivar
Merete Tveitereid	100 %	PP-rådgivar
Roger Steinbakk	100 %	PP-rådgiver

Elin Aakre Bringa har hatt svangerskapspermisjon i perioden 08.02.15- 01.08.15 i 100 % og 50% ut resten av 2015.

Sveinung Heiberg Strand gikk av med pensjon 01.04.15.

Roger Steinbakk vikar i 100 % for Elin Aakre Bringa frå 1.02.15.-31.07.15. Frå 01.08.15 60 % fast stilling og 40 % vikar for Elin Aakre Bringa.

Gørild Kanstad Botner 100 % stilling i perioden 01.08.15- 31.12.15.

2.4 Styringsstruktur for Vest-Telemark PPT

Representantskapets medlemmar i 2015:

Jon Svartdal, ordførar i Seljord og leder for representantskapet for Vest-Telemark PPT IKS

Torstein Tveito, ordførar i Kviteseid kommune

Erik Skjervagen, ordførar, Fyresdal kommune

Halvor Homme, ordførar, Nissedal kommune

Arne Vinje, ordførar, Vinje kommune

Hilde Alice Vågslid, ordførar, Tokke kommune

Solveig Nekstad Grave, Telemark fylkeskommune

Etter valet i september blei det endringar i samansettinga av representantskapet. Nytt representantskap er samansett av desse ordførarane med rep. varaordførarar som vara.

Erik Skjervagen, ordførar i Fyresdal kommune

Tarjei Gjeldstad ordførar i Kviteseid kommune

Halfdan Haugan ordførar i Seljord kommune

Jon Rikard Kleven ordførar i Vinje kommune

Jarand Felland ordførar i Tokke kommune

Halvor Homme ordførar i Nissedal kommune

Ellen Smenes Telemark fylkeskommune, vara Kristian Espeland

2.5 Styret si samansetning i 2015:

Sverre Sæter, Nissedal, vara Jan Myrekrok, Vinje

Kjersti Bergland, Fyresdal nestleiar, vara Tjóstov Juve Tokke

Ronde Schade, Seljord styremedlem, vara Ellen Marie Prag, Kviteseid

3. PP-tenesta sine oppgåver

PP-tenesta sine oppgåver er heimla i Opplæringslova.

"PP-tenesta skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal sørge for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det" (§ 5-6).

4. Vurdering av verksemda sett i forhold til Verksemdsplan 2015

Opplæringslova § 5-6 blir kvart år operasjonalsert i plan for verksemda.

I verksemdsplanen er visjon og hovudmål for tenesta nedfelt.

Verksemdsplan 2015 peiker i tillegg ut tre fokusområde for PPT sitt arbeid, systemretta arbeid, individretta arbeid og internt arbeid.

Visjonen omtalar den retninga PP-tenesta jobbar mot. Hovudmål og delmål er dei måla vi sette for arbeidet. Disse må sjåast i eit langsiktig perspektiv. Arbeidsmåla blir konkretisert i tiltaksdelen som gjeld for 2015. I kva grad vi har nådd måla, heng saman med korleis vi har lukkast med gjennomføringa av tiltaka. Likeeins må ein vurdere om det er dei rette tiltaka vi prioriterer

4.1 Visjon og hovudmål

Visjon: Ei tilpassa opplæring for alle

Hovudmål: Vest-Telemark PP-teneste skal bidra til å styrke handlingskompetansen i barnehage, skole og lærebedrifter for å skape gode og stimulerande utviklings- og opplæringsmiljø gjennom tilpassa og inkluderande opplæringsstilbod til alle barn, elevar, lærlingar og lærekandidatar med særlege behov.

Fokusområde: Systemretta arbeid

Delmål 1

PPT skal medverke til å avdekke og avhjelpe vanskar hos førskolebarn og der igjennom førebygge vanskar med tanke på seinare opplæring.

Tiltak knytt til Delmål 1	
<p>PPT skal ha faste kontaktpersonar i kommunane, desse skal samarbeider systemretta i tråd med "Retningslinjene for systemretta arbeid i barnehage".</p> <p><i>Retningslinjene fokuserer på førebyggjande arbeid, tidleg innsats, kompetanseheving og organisasjonsutvikling.</i></p>	<p>PPT har faste kontaktpersoner i alle kommunar. Samarbeidet har utvikla seg svært bra i dette året. Aktiviteten i dei kommunale nettverka har vore stigande der det tidlegare var litt varierende aktivitet og det blir rapportert om stor tilfredsheit. Andre nettverk har fortsatt sitt gode arbeid. Det er ein kommune der det ikkje har vore aktivitet dette året.</p>
<p>PPT skal medverke til kompetanseutvikling innan område som er aktuelle for å førebyggje vanskar hos barn og for å legge til rette for barn med særskilde behov.</p>	<p>I alle FSB er analysemodellen brukt aktivt. Det er gitt kompetanseheving om og gjennom analysemodellen. Analysemodellen blir opplevd som eit godt verktøy. Mye godt arbeid i FSB er gjennomført i tråd med rutinar om førtilmelding. Aktuelle tema har vore Utfordrande barn, språkmiljø, endringsarbeid, leik, problemløysingsstrategien, ulike kartleggings skjema.</p> <p>Det er gjennomført kompetansehevingstiltak på ulik teori som er knytt til vaksenrolla i barnehagen som f.eks. Trygghetssirkel, Marte Meo, Være saman.</p> <p>Vi kan stille spørsmål om dette gode arbeidet kan være avgjørende for at vi i år har færre oppmeldinger?</p>
<p>PPT vil prøve ut eit «lågterskel» tilbod i barnehagane med rettleiing til personalet etter drøfting i FSB, når det er behov for dette for at barnehagen skal kunne gi barnet eit tilstrekkeleg utviklingsstøttande tilbod.</p> <ul style="list-style-type: none"><i>Komme inn/rettleie på eit tidleg nivå i forkant av problem og utviklingsvanskar. Gi råd om korleis situasjonen kan avhjelpast innanfor barnehagen sine kjerneaktiviteter slik at tilmelding til PPT ikkje blir nødvendig.</i><i>Bistå ved sammen med barnehagen analysere betingelser og konteksten rundt det enkelte barnet(analysemodellen)</i>	<p>Gjennomført i 3 kommunar, Nissedal, Fyresdal og Tokke. Det har vore noko aktivitet i vårsemestret og ble vurdert som et det var nyttig å kome inn tidleg, før tilmelding. At det var eit godt døme på korleis tidleg innsats kan gjennomførast. Signala var at dette var nyttig for barnehage og foreldre. Tilbodet har likevel ikkje vore etterspurt eller gjennomført i haustsemesteret.</p> <p>Vi vurderer det slik at ein form for lågterskel tilbod i barnehagane bør vidareutviklast, utfordringa er å finne ein god form på tilbodet.</p>

<ul style="list-style-type: none"> • <i>Kompetansespredning /Rettleie i forhold til tilrettelegging og utviklingsstøtte for barnet når barnehagen har behov for det.</i> 	
<p>PPT skal delta i Språknettverket i Vest-Telemark.</p>	<p>Språknettverket har representantar frå alle kommunane PPT samarbeider med. Det blir gjennomført 5 møter i år. Møta er delt i læringsøkt og fokus tid. I eit av møta var også andre PPT tilsette invitert inn(møte med Bredtvet kompetansesenter). PPT opplever dette som eit nyttig nettverk for fagleg oppdatering.</p>

Delmål 2

<p>PPT skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov.</p>
--

Tiltak i grunnskolen knytt til Delmål 2	Vurdering
<p>PPT skal ha faste kontaktpersonar på alle skolar i distriktet. Gjennom kontaktpersonordninga ønskjer PPT å halde god kontakt med den enkelte skolen og medverke til at det vert etablert gode rutinar for samarbeid mellom skolane og PPT.</p> <p><i>Oppgåvene til Kontaktpersonen er nedfelt i "Retningslinjer for kontaktpersonordninga" og i "Årshjul for arbeidet i Vest-Telemark PPT"</i></p>	<p>Hausten 2003 starta vi opp med faste kontaktpersonar på alle skolane i distriktet. Hovudmålet med ordninga er saman med skolane å jobbe for at alle elevar får eit tilpassa, inkluderande og likeverdig opplæringstilbod. Tanken var at ved å ha regelmessig kontakt og samarbeid med den enkelte skole på systemnivå i TPO-team, ville PPT betre kunne bidra til god rettleiing og godt tilbod til elevar med særlege behov. Ordninga er gjennom innføring av fast kontakttid nå vidareutvikla.</p>
<p>PPT skal tilby fast kontakttid ved skolane(16.skoler pr. jan 2015). Med fast kontakttid ønskjer PPT å vere meir tilgjengeleg for tilsette i skolane. I kontakttida vil PPT ha fokus på førebyggjande arbeid slik at skolen i størst mulig grad kjem i forkant av problem og lærevanskar. Dvs:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Komme inn/retteie på eit tidleg nivå i forkant av problem og lærevanskar. Gi råd om korleis situasjonen kan avhjelpast innanfor ordinær opplæring slik at tilmelding til PPT ikkje blir nødvendig.</i> • <i>Bistå ved å samene med skolen analysere betingelser og konteksten</i> 	<p>Ordninga blei innført skoleåret 2014-2015 og er blitt godt mottatt. Samarbeidsforma er ny og det krev ei utprøving i forhold til å finne ei god form som er nyttig for skolen og elevane. PP-tenesta ser at der det er ein aktiv rektor som legg til rette for samarbeid og bruk av tenesta, utviklar det seg til å fungere svært godt.</p> <p>Kontakttid ordninga gir gode muligheiter for tidleg innsats.</p> <p>Analysemodellen er eit svært godt verktøy fordi ein ved å nytte denne får fram alle sider ved læringsmiljøet i tillegg til evt. individuelle faktorar som påverkar elevens sitt læringsutbytte. Arbeidet med å nytte analysemodellen, som vart presentert for skoleleiarane som ein del av implementeringa av «Prinsipper og prosedyrer for spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning i Telemark», er bere delvis i gang. PPT</p>

<p>rundt det enkelte barnet(analysemodellen)</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Kompetansespredning /Rettleie i forhold til læringsmiljø, klasseleiing, faglig tilrettelegging, utvikling av sosial kompetanse og førebyggende arbeid i forhold til psykiske lidinger</i> • <i>Bistå skolane i førtilmeldingsarbeidet.</i> 	<p>opplever det som at det er svært forskjellig om og korleis implementeringa er jobba med i kommunane. Bruken av modellen krev ein viss grad av forståing og ikkje minst tid til gjennomføring. Skal dette bli eit nyttig verktøy, må det være noe som skolen leiing ønskjer og at det blir lagt til rette for dette.</p>
<p>PPT skal medverke til at det blir utvikla gode rutinar og praksis rundt organiseringa av tiltak for barn og unge med særskilte opplæringsbehov. <i>Gjeld for opplæringa i gjeldande skole og for overgangar til andre opplæringsinstitusjonar.</i></p>	<p>Dette tema er gjenstand for drøfting på TPO- møta, men også i møte kring enkeltbarn. Dei fleste kommunar har no rutinar for å ivareta overgangar.</p>
<p>PPT skal delta i administrative og faglege systemtiltak. <i>Eks: Forum for utdanning (omfattar barnehage, gr.skole og VGO), andre møte i kommunane.</i></p>	<p>Forum for utdanning er den staden der leiar av PPT regelmessig møter representantar for skoleeigar i kommunane og er såleis ein viktig arena for utveksling av informasjon og drøftingar.</p>

Tiltak i vidaregåande opplæring knytt til Delmål 2	Vurdering
<p>PPT skal ha faste kontaktpersonar på dei vidaregåande skolane. Gjennom kontaktpersonordninga skal PPT halde god kontakt med skolane og arbeide i tråd med inngåtte samarbeidsavtalar.</p> <p><i>Jmf. Tiltaksplan vgo, gjeld Telemark fylkeskommune, egne samarbeidsavtaler med private skoler.</i></p>	<p>PPT har faste kontaktpersoner som jobbar inn mot vidaregåande skole. Fast kontaktperson gir skole og PPT anledning til å bli godt kjent med kvarandre sine oppgåver, forståing og handlingsmåter. God relasjon er viktig for eit godt samarbeid, ordninga gir denne muligheita.</p>
<p>PPT har fast kontakttid på vidaregåande skole (gjeld Vest-Telemark vgs). Med fast kontakttid ønskjer PPT å vere meir tilgjengeleg for tilsette i skolen.. I kontakttida vil PPT ha fokus på førebyggjande arbeid slik at skolen i størst mulig grad kjem i forkant av problem og læreveskar. Dvs:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Komme inn/retteleie på eit tidleg nivå i forkant av problem og læreveskar. Gi råd om korleis situasjonen kan avhjelpast innanfor ordinær opplæring slik at tilmelding til PPT ikkje blir nødvendig.</i> • <i>Bistå ved å saman med skolen analysere betingelser og konteksten rundt den</i> 	<p>Det er mykje å vinne på at PPT har auka tid i skolane. Det blir lettare for lærarar å kontakte PPT og vice versa. Det blir viktig å vidareutvikle arbeidsforma og finne fram til nyttig organisering og bruk av tida.</p> <p>Nye inntaksforskrifter og ny ressurstilodelingsmodell har skapt frustrasjonar og har blitt mykje drøfta i år. Andre tema har kome noko i skuggen dette året.</p>

<p><i>enkelte elev (analysemodellen)</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Kompetansespreiing /Rettleie i forhold til læringsmiljø, klasseleiing, faglig tilrettelegging, utvikling av sosial kompetanse og førebyggjande arbeid i forhold til psykiske lidingar</i> • <i>Bistå skolane i førtilmeldingsarbeidet.</i> 	
<p>PPT skal medverke til at det blir utvikla gode rutinar og praksis rundt organiseringa av tiltak for elevar, lærlingar og lærekandidatar med særskilte behov. <i>Gjeld for opplæringa i gjeldande skole og for overgangar til andre opplæringsinstitusjonar.</i></p> <p><i>Jf. Tiltaksplan Vest-Telemark vgo.</i></p>	<p>Overgangen frå opplæring til lærling/lærekandidat fungerer godt med årlege drøftingsmøte der skule, elev/føresette, evt. andre instansar og PPT møter. Praksisen er vidareført i fylkeskommunalt årshjul.</p>
<p>PPT skal så langt råd er delta på dei aktuelle møteplassane for info og kompetanseutvikling som fylkeskommunen legg opp til.</p> <p><i>Jf. Tiltaksplan vgo</i></p>	<p>VTPPT deltek regelmessig på T-leiar samlingar. Det er gjennomført ei orienteringsamlingar på Skagerak arena og Vest-Telemark vgo om å implementere «Prinsipper og prosedyrer for spesialundervisning i Telemark». Dette har vore viktige samlingar med tanke på vidare utvikling av samarbeidet om tilbod for elevane.</p> <p>Regionalsamlingane er nyttige. Det er utfordrande å finne ein form som passar alle då målgruppa er både erfarne personar som har mange års erfaring og dei som møter der for første gong. Vi har likevel lukkast i å lage interessante møter med noko nyttig for alle.</p>
<p>PPT skal samarbeide med dei andre PPT-kontora i fylket, som yter tenester til dei vidaregåande skolane, for å utvikle ein eins praksis overfor skolane. Nettverksmøte inntil fire g. pr. år</p>	<p>Det er gjennomført tre nettverksmøta. Det har vore behov for å avklare nettverka sin funksjon og kva saker som er relevante å ta opp der. Den uavklara avtalestatus med Telemark Fylkeskommune påverkar og nettverksarbeidet fordi det kommer inn usikkerheitsfaktorar i samarbeidet.</p>

Tiltak som gjeld alle knytt til Delmål 1 og 2	Vurdering
<p>PPT skal delta på møteplassar for dialog og samhandling med andre offentlege hjelpetenester. Dette for å bidra til at hjelpetenestane har godt kjennskap til dei ulike tilboda og der igjennom kan bidra til at barn og deira familiar skal få heilskapleg og koordinert hjelp til rett tid.</p> <p><i>Eks: Kompetansenettverket i Vest-Telemark(barnevernstenesta, familiekontoret, PP-tenesta, Buf-etat)</i></p>	<p>Det er regelmessig samarbeid med andre kommunale etater som barnevern, helsesøster og psykisk helse. I nokre kommunar er det etablert faste samarbeidsgrupper mellom partane.</p> <p>Det har vore lite aktivitet i Kompetansenettverket inneverande år.</p>

PPT vil gi informasjon om tenestetilbodet til barnehagar, skolar og andre brukarar gjennom PPT si heimeside PPT formidlar aktuelt fagstoff på Facebook sida si (Vest-Telemark PPT).	VTPPT har heimeside der informasjon om tenesta blir lagt ut. Vi har også ein Facebook side kor vi deler aktuelt fagstoff.
--	---

Fokusområde: Individretta arbeid

Delmål 3

PPT skal som sakkunnig instans medverke til at barn, unge og vaksne med særskilde behov får ei likeverdig opplæring.

Tiltak knytt til Delmål 3	Vurdering																																																																																															
Sakkunnig vurdering skal gjennomførast i tråd med lovverk, Utdanningsdirektoratets rettleiar og interne retningslinjer for arbeidet. Dette gjeld sakshandsamingsprosedyrar, behandlingstid (3. mnd.), utgreiing og skriftleg framstilling.	<p>Hausten 2015 er behandlingstida for dei fleste individsaker innanfor fristen av 3 mnd. Dette er nytt for VTPPT og eit resultat av reduksjon i tilmeldte saker og ei ekstra stilling på 50 % denne hausten. Det er meldt 111 nye individsaker i 2015.</p> <p>Tilmeldingar til PP-tenesta</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>År</th> <th>1.g.tilm.</th> <th>2.g.tilm.</th> <th>tilm.totalt</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>2015</td> <td>55</td> <td>56</td> <td>111</td> </tr> <tr> <td>2014</td> <td>58</td> <td>76</td> <td>134</td> </tr> <tr> <td>2013</td> <td>55</td> <td>38</td> <td>93</td> </tr> <tr> <td>2012</td> <td>127</td> <td>52</td> <td>179</td> </tr> <tr> <td>2011</td> <td>163</td> <td>75</td> <td>238</td> </tr> <tr> <td>2010</td> <td>142</td> <td>66</td> <td>208</td> </tr> <tr> <td>2009</td> <td>177</td> <td>47</td> <td>224</td> </tr> </tbody> </table> <p>Det har vært en stabil tendens til færre tilmeldingar av individsaker etter 2011 som toppet med 238 tilmeldte individsaker. Reduksjon er på 17 % frå 2014. Endringa trur vi er et resultat av systematisk jobbing både intern og eksternt. Fokuset er blitt retta mot korleis ein kan jobbe førebyggjande, korleis ein kan være til stades i skolane og hjelpe til å finne løysingar innanfor ordinær opplæring.</p> <p>Tilmeldingar til PPT</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Kommune</th> <th colspan="2">2013</th> <th colspan="2">2014</th> <th colspan="2">2015</th> </tr> <tr> <th></th> <th>%</th> <th>stk.</th> <th>%</th> <th>stk.</th> <th>%</th> <th>stk.</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Fyresdal</td> <td>15</td> <td>14</td> <td>13.4</td> <td>18</td> <td>9</td> <td>10</td> </tr> <tr> <td>Kviteseid</td> <td>13</td> <td>12</td> <td>16.4</td> <td>22</td> <td>30</td> <td>33</td> </tr> <tr> <td>Nissedal</td> <td>13</td> <td>12</td> <td>9.7</td> <td>13</td> <td>4</td> <td>4</td> </tr> <tr> <td>Seljord</td> <td>23</td> <td>21</td> <td>14.9</td> <td>20</td> <td>15</td> <td>17</td> </tr> <tr> <td>Tokke</td> <td>10</td> <td>9</td> <td>8.9</td> <td>12</td> <td>13</td> <td>14</td> </tr> <tr> <td>Vinje</td> <td>20</td> <td>19</td> <td>29.8</td> <td>40</td> <td>13</td> <td>15</td> </tr> <tr> <td>Telemark fylkeskommune</td> <td>6</td> <td>6</td> <td>6.7</td> <td>9</td> <td>16</td> <td>18</td> </tr> </tbody> </table> <p>Det er en nedgang i tilmeldingar i alle kommunar med unntak av Kviteseid kommune og Telemark fylkeskommune. I Kviteseid blir alle saker der det er behov for logopedoppfølging meldt, dette er til forskjell frå dei andre kommunane som gir logopedhjelp som tilpassa opplæring. Frå Telemark fylkeskommune er det meldt mange saker dette året der det ønskes utgreiing om retten til tilrettelegging ved eksamen.</p>	År	1.g.tilm.	2.g.tilm.	tilm.totalt	2015	55	56	111	2014	58	76	134	2013	55	38	93	2012	127	52	179	2011	163	75	238	2010	142	66	208	2009	177	47	224	Kommune	2013		2014		2015			%	stk.	%	stk.	%	stk.	Fyresdal	15	14	13.4	18	9	10	Kviteseid	13	12	16.4	22	30	33	Nissedal	13	12	9.7	13	4	4	Seljord	23	21	14.9	20	15	17	Tokke	10	9	8.9	12	13	14	Vinje	20	19	29.8	40	13	15	Telemark fylkeskommune	6	6	6.7	9	16	18
År	1.g.tilm.	2.g.tilm.	tilm.totalt																																																																																													
2015	55	56	111																																																																																													
2014	58	76	134																																																																																													
2013	55	38	93																																																																																													
2012	127	52	179																																																																																													
2011	163	75	238																																																																																													
2010	142	66	208																																																																																													
2009	177	47	224																																																																																													
Kommune	2013		2014		2015																																																																																											
	%	stk.	%	stk.	%	stk.																																																																																										
Fyresdal	15	14	13.4	18	9	10																																																																																										
Kviteseid	13	12	16.4	22	30	33																																																																																										
Nissedal	13	12	9.7	13	4	4																																																																																										
Seljord	23	21	14.9	20	15	17																																																																																										
Tokke	10	9	8.9	12	13	14																																																																																										
Vinje	20	19	29.8	40	13	15																																																																																										
Telemark fylkeskommune	6	6	6.7	9	16	18																																																																																										

Alder for tilmelding til PP-tenesta

Alder	2012	2013	2014	2015
	%	%	%	%
0-2 år	3	2	1,5	3
3-5 år	15	18	17	16
6-9 år	25	14	30	22
10-12 år	23	13	18	17
13-15 år	18	27	18	19
16-18 år	11	12	4,5	10
19 - år	5	14	11	13

Det er ingen vesentleg endring i andelen barn meldt før skolealder som andre år. Det er 8% nedgang i tilmeldingar i aldersgruppa 6-9 år. For grunnskolealder er det er det ein nedgang i tilmeldingane i aldersgruppa 6-9 år. Det er ei stor auke i alderen 16-18 år.

I tillegg har mange elevar som får tilpassa opplæring så store utfordringar med mellom anna les- og skrivevanskar at dei har rett til ein tilrettelagt eksamen. 15 elevar er vurdert. Rektor vgsk. ønskjer dette utgreidd av PP-tenesta.

Type vanskar som er melde

Vanskar	2012	2013	2014	2015
	%	%	%	%
Hørselshemma	3	2	1	3
Synshemming		2	1	
Generelle lærevanskar	4	9	6	10
Samansette vanskar	3	10	7	5
Medisinske vanskar	4	2	1	7
Språkvanskar	38	22	32	22
Lese- og skrivevanskar	22	17	18	22
Matematikkvanskar	3	5	3	3
Sosiale- og emosjonelle vanskar	22	26	27	22
Utsett skolestart	1	3	1	3
Prematur	0	1	0	
Anna	1	1	2	3

Det er framleis flest barn med språkvanskar, lese- og skrivevanskar og sosiale - og emosjonelle vanskar som blir meldt.

Det er utført 169 sakkunnige vurderingar i 2015 mot 146 i 2014. 142 av disse omhandla behov for spesialundervisning. 107 hadde behov, 35 ble vurdert til ikkje behov for spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning.

Det er i tillegg meldt 5 systemsaker. Dette er saker der det blir bedt om rettleiing på personalets tilrettelegging og handtering av utfordringar dei står overfor i arbeidet med barnegrupper.

PPT skal utarbeide sakkunnig vurdering av høg kvalitet som gir godt grunnlag for å avgjere om det skal fattast vedtak om spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning, eller om det skal settast inn tiltak innanfor ramma av ordinær tilpassa opplæring.

Alle sakkunnige vurderingar skal drøftast internt, dette med tanke på kvalitetssikring.

Det blir kontinuerleg jobba for å halde ein høg fagleg kvalitet på sakkunnig vurdering. Ny mal for sakkunnig vurdering, utarbeidet av Udir, er tatt i bruk. Vi har vurdert malen som god og ser dette som et ledd i retning av likskap mellom PP-tenestar rundt om i landet.

Alle vurderingar blir drøfta i fagmøte for å få eit bredt faglig blikk på sakene, sikre kvalitet, felles forståing og likeverd. Saken og elevens læringsføresetnader blir vurdert gjennom drøftingar omkring:

- Korleis er læringsmiljøet belyst og vurdert
- Korleis er elevperspektivet belyst
- Korleis individuelle forhold blir belyst
- Er det mulig å sette inn tiltak innanfor ramma av ordinær opplæring?
- Spesialpedagogiske tiltak
- Konklusjon og tilråding

Tidsbruk og gjer at ein må velje blant dei ulike områda ut frå problemstillingar som blir løfter fram eller utfordringar i saken sett frå sakshandsamars side.

	Bevisstheit om dei områda som skal utgreias og vurderast gjer at dei ofte er godt innarbeid i vurderingane.
PPT skal i si vurdering bygge på ny evidensbasert kunnskap. Vurdering av læringsmiljøet skal ha auka fokus i TPO-arbeidet, førtilmeldingsarbeidet og dei sakkunnige vurderingane. Sakkunnig vurdering skal gi godt grunnlag for utarbeiding av IOP/plan for spesialpedagogisk hjelp. Konkrete mål, tiltak og organisering av tiltaka skal komme tydeleg fram i tilrådinga. Ev behov for særleg kompetanse bør komme fram.	Ny forskning viser at de fleste barn utviklar seg og lærer best innanfor ramma av fellesskapet i ein klasse. Dette gjelder og elevar med særlege behov. Dette har fått betydning for PPT sitt arbeid og anbefalingar i sakkunnig vurdering. PPT har større merksemd retta mot læringsmiljøet eleven inngår i og om læringsmiljøet opplevast inkluderande for elev og korleis opplæringa er fagleg tilpassa. Ny malen løfte tydeleg fram L06 både i vurdering av om eleven har tilfredsstillande læringsutbytte og i arbeidet med å sette nye mål for opplæringa. Dette meiner vi bør kunne bidra til at det også blir enklare å utforme IOP.
Sakene vil til vanleg bli avslutta etter at sakkunnig vurdering er ferdigstilt jf. interne retningslinjer for individualsaker. Rådgiving blir gitt ved behov. Ein plan for rådgivinga skal ligge føre og godkjennast av leiar.	At ein sak som er meldt til PPT ikkje er aktiv til «evig tid», har vore ein viktig endring av PPT sin praksis dei seinare åra. Ordninga har gitt PPT ein mykje meir avklart og handterbar portefølje. Det er også eit tydeleg signal om kor ansvaret ligg etter at sakkunnig er ferdigstilt og vedtak er gjort. PPT tar sitt ansvar som rådgivar etter ei bestilling som tydeliggjer rettleiingsbehovet. Ein plan for gjennomføringa blir så laga.
PPT er sakkunnig instans for vaksne med rett etter opplæringslova § 4A-2.	Det er ei avgrensa mengde slike saker. Det er likevel viktig å ha kompetanse på regelverk og ulike moglegheiter for denne gruppa. Det er oppretta eit fagnettverk for PPT tilsette i fylket som har ansvar for utgreiing av desse sakene. Dette for å auke kompetansen på området

Fokusområde: Internt arbeid

Delmål 4

PPT skal vere ein lærande organisasjon som vidareutviklar sin kompetanse og sine strategiar for utføring oppgåvene som ligg i mandatet deira.

Tiltak knytt til Delmål 4	Vurdering
PPT vil gjennomføre eit Utviklingsarbeid i perioden 2013-2015 Gjennom utviklingsarbeidet/prosjektet «Tett på for tidleg innsats» ønskjer vi å vidareutvikle tenestetilbodet. Hovudmål for prosjektet er: <ul style="list-style-type: none"> PPT skal arbeide etter 	PPT har arbeidet systematisk for å nå måla i prosjektet. Arbeidet er gjennomført ved sjølvstudie, intern skoleing, kurs, fagnettverk og ny praksis. Personalet opplever eigarskap til prosjektet. Her presenteras ein oversikt over arbeidet så langt: Tiltak vår 2015

<p>gjeldande sentrale styringsdokument, Meld. St.18, Fire forventningar til PP-tenesta</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap frå nyare forskning skal prege arbeidet vårt • Bidra til god kvalitet på ordinær opplæring og dermed til alle elevars læringsutbytte innanfor ordinær opplæring • Bidra til at omfanget av spes. undervising går ned <p>Meld. St. 18 rettar fokus på å vere tilgjengeleg, førebyggjande arbeid, tidleg innsats og kvalitet i tenesta.</p>	<p>Fokusområde 1 og 2 og 3</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vidareføring av kontakttid i alle skoler • Etterutdanning «Endringsarbeid og organisasjonsutvikling» 8. og 9. jan. • Vidareføre Pilot i to kommunar med rettleiing i barnehagane i etterkant av drøfting i FSB. Lågterskel, fokus på korleis «læringsmiljøet» kan leggast til rette med tanke på god utvikling for barn det er uro rundt. Bruke analysemodellen. • Arbeid med «grunnlinje» eller analysemodellen frå LP som verktøy både som del av utgreiing ved sakkunnig vurdering og i kontaktida. Nytte analysemodellen i oppstart av individualsaker- få inn systemperspektivet frå starten og sett i gang tiltak (tidleg innsats) innanfor ramma av ordinær opplæring. Halde oppe systemperspektivet i saker man jobbar med i kontaktida. <p>Fokusområde 4</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gjennomgang av sakkunnig vurdering med tanke på <ul style="list-style-type: none"> ○ Korleis er læringsmiljøet belyst og vurdert ○ Korleis er elevperspektivet belyst ○ Individuelle elevføresetnader ○ Er det mulig å sette inn tiltak innanfor ramma av ordinær opplæring ○ Spesialpedagogiske tiltak ○ Konklusjon og tilråding <p>20 og 21 mai felles skolering: LP-konferansen- inkluderande læringsmiljø i barnehage og skole</p> <p>Tiltak haust 2015</p> <p>Fokusområde 4</p> <ul style="list-style-type: none"> • Trene på bruk av analyseverktøy • Alle sakkunnige vurderingar blir drøfta i fagmøte, som omtala over. • Legge om til ny mal for sakkyndig vurdering som i revidert Veileder av 2014. • Etterutdanning alle tilsette. Fagleg ansvarleg er Statped i regi av nasjonal etterutdannings-satsinga på PP-tenesta <ul style="list-style-type: none"> ○ Fleirkulturalitet ○ Fleirspråklege utgreiing
<p>Det vil bli prioritert kompetanseheving/kurs som relaterer seg til aktuelt prosjekt.</p>	<p>I vårsemestret var det opplæring i systemarbeid i barnehage og skole. Dette var en felles satsing frå alle PPT kontora i Telemark. SePu hadde det faglege ansvaret for gjennomføringa. Opplæringa vart følgd opp med utprøving i praksisfeltet med og gjentekne evalueringar internt.</p> <p>Fleirkulturalitet og utgreiing av fleirspråklege elevar har vore prioritert hausten 2015. Opplæringa er ein del av etterutdanningstilbodet som Utdanningsdirektoratet tilbyr som del av satsinga på PPT.</p>

	<p>Ein tilsett har skolert seg i bruk av Leiter, dette er eit nyttig verktøy i utgreiing av melom anna fleirspråklege barn.</p> <p>To tilsette har tatt vidareutdanning som Systemretteiar i barnehage, i programmet «Være saman».</p>
<p>PPT skal delta i fagnettverk for PPT-tilsette i Telemark. Gjeld ulike fagnettverk som barnehagenettverket, vgo-nettverket, nettverk for vaksenopplæring, mm</p>	<p>Fagnettverket « PPT i barnehagen» er gjennomført to gonger dette året. Nettverket tar opp aktuelle tema og deler erfaringar og løysningar frå dei ulike kontora. Marte Meo nettverk, fagnettverk PPT i vaksenopplæringa som har eit møte i år og Statped nettverk har møte stamming to gonger i året i BuTeVe region. I alle nettverka handlar det rettleiing og om å vedlikehalde kompetanse.</p>
<p>PPT skal delta i prosjektet « Betre læring for alle elevar». Prosjektet retter fokus mot å auke kvaliteten på opplæringa i grunnskolen i Vest-Telemark og redusere andelen elevar med vedtak om spesialundervisning.</p>	<p>Prosjektet ble avslutta juni 2015. PPT vi fortsette å ha fokus på dei aktuelle satsingsområda.</p>

5.Driftsrekneskap 2015

Inntekter 2015	Utgifter 2015	Resultat 2015	Rev. budsjett 2015
7 851 795,79	8 022 196,24	0	7 391 516,00

5.1 Avvik

Det største avviket er på posten 10909 Premieavvik på kr 506 862,-
Elles har det vore eit meirforbruk på Sum lønskostnader på 11 % og eit mindreforbruk på Kjøp av varer og tenestar 7-8 %.

5.2 Prioriterte oppgåver

Det er prioritert etterutdanning av alle tilsette i samband med nasjonal satsing på etter- og vidareutdanning av PP-tenesta, for å utvikle ein meir systemretta teneste. Satsinga harmonerer også med lokalt utviklingsarbeid med same formål. Vidare har alle tilsette deltatt i 3 d. etterutdanning i utgreiing av fleirspråklige elevar i regi av Statped.

5.3 Reneskapsmessige resultat

Det er i år eit meirforbruk på kr. 124 180,69. Bakgrunnen for dette er det store premieavviket til KLP, noe som det ikkje var budsjettet med.

6.Oppsummering

«Tett på for tidleg innsats» er tittelen vi sette på utviklingsarbeidet vi har hatt i perioden 2013-2015. Utgangspunktet for arbeidet var Meld St.18. Læring og fellesskap. Målet har vært å bli en meir *tilgjengeleg teneste* for brukarane, ein teneste som *arbeider førebyggjande*, gir *tidleg innsats* og som har *høg fagleg kompetanse*.

Vi har lagt vekt på «tilstedeværelse» , i form av fast kontakttid på alle skolane for å gi førebyggje hjelp, kunne gi tidleg hjelp, at hjelpa så langt råd skal bli gitt innanfor ordinær opplæring og vi ønsket med dette at talet på tilmeldingar til PPT og bruken av spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning skulle reduserast.

Talet på tilmeldingar til PPT har gått ned i 2015 med 17 % frå 2014. Reduksjon i tilmeldingar er stor om vi også ser det i eit litt lengre perspektiv, 53% i forhold til 2011 og 38% i forhold til 2012, desse åra var utgangspunktet for å starte opp dette utviklingsarbeidet.

I Vest-Telemark PPT er vi svært fornøyd med det vi har oppnådd. Systematisk utviklingsarbeid over tid har gitt resultat både i vår forståing av faget og i utøvinga av oppgåvene våre.